

BRYGGEN TAXI SA  
Kokstadvegen 46  
5257 KOKSTADDato: 08.06.2016  
Vår ref.: 2015/6943-26  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Søknad om endring av køyretider for reserveløyva knytt til Bryggen Taxi SA

Ein viser til e-post frå Bryggen Taxi av 27. mai 2016 med søknad om endring av køyretidene for reserveløyva knytt til sentralen. Sentralen opplyser at dei har bruk for reserveløyva heile tida.

Reserveløyve skal vera supplement for dei ordinære løyva, jf. yrkestransportforskrifta § 49. Reserveløyva skal nyttast ved trafikktoppar og ikkje gå i konkurranse med dei ordinære drosjeløyva. Det går klart fram av § 49 at reserveløyva må ha «adgang til å kjøre». Reserveløyva er ein dynamisk reiskap for å regulera kapasiteten etter etterspurnaden.

I samarbeidsmøtet 25. mai opplyste sentralane at nedgangen i talet på løyve i Bergen køyreområde førebels ikkje har hatt positiv effekt på etterspurnad og inntening. Dette tyder på at det ikkje er rom for å utvida køyretidene for reserveløyva, men tvert i mot halda fram med å innskjerpa at alle skal respektera køyretidene.

Ved brev av 05.04.2016 fekk Bryggen Taxi godkjent innlevert køyreplan for sine tilslutta reserveløyve. Det vart elles presisert i vårt brev av 05.04.2016 at dei godkjende køyretidene måtte vera gjeldande i 6 månader før dei eventuelt kan endrast. Nye køyretider for Bryggen Taxi kan tidlegast endrast frå 01.10.2016. Dei nye køyretidene som sentralen no presenterer, vil ikkje kunne godkjennast fordi dei i for liten grad avgrensar bruken av reserveløyva.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*